



Maritimt vitensenter i Tungevågen

EIRIK GURANDSRUD

Jærmuseet og Randaberg kommune har hatt vitensenterplanar for Tungevågen sidan årtusenskiftet. No byrjar planane å bevege seg opp frå papiret. Bygget er teikna, nye idear og erfaringar frå over 25 års museumsdrift frå Tungenes fyr og Sjøbruksmuseet skal fylle det med innhald.

Tungenes fyr blei nedlagt og avfolka i 1984. Randaberg bygdeblad (i dag Bygdebladet) intervjuar i den forbindelse den avtroppande fyrmeisteren Bjarne Mathisen. Han uttrykte eit ønske om at fyranlegget skulle kunne brukast til noko etter at det blei lagt ned. «Et lite fyrmuseum? Ja, hvorfor ikke. Kanskje noe å tenke på for kommune og kulturstyre?»¹. Randaberg kommune tok fyrmeisteren på ordet. I 1988 inngjekk kommunen ein leigeavtale med Kystverket og opna kafé i den tidlegare betjentbustaden på anlegget og organiserte omvisingar på fyret. Besøket var mykje høgare enn venta og det blei gjort fleire investeringar i kafébygget. I november året etter var det offisiell opning av den nye kulturinstitusjonen Tungenes fyr. Då hadde ei kunstsamling av den kjende jærmålaren Oscar Sørreime blitt donert til fyret. Allereie i innstillinga som låg til grunn for opprettinga av Jærmuseet, «Bygdemusea på Jæren. Planar for eit sameint kulturvern» frå 1983, var det lansert planar om eit regionalt sjøbruksmuseum for Jæren i Randaberg. Sjøbruksmuseet opna i 1990 i eit nedlagt hønsehus i Tungevågen, om lag 500 meter søraust for fyret. Ei stor båtmotorsamling fekk husvære i den andre enden av hønsehuset i 1994. I løpet av fem år hadde Tungeneset fått eit maritimt museumstilbod som viste korleis folk i regionen nytta sjøen som transportveg og næringsveg.

Frå slutten av 1980-talet var det fleire fyrmiljø som ynskte å opprette eit nasjonalt fyrmuseum. Aftenposten rapporterte den 16. mai 1989 om eit «Kappløp for å bli Norges fyrmuseum». Både Randaberg og Lindesnes kommune arbeidde for at eigne fyr skulle

få status som nasjonalt fyrmuseum. To år seinare tok politikarar og kulturetaten i Hamarøy kommune initiativ til at Tranøy fyr skulle bli Norges fyrmuseum.² Den nasjonale institusjonen skulle likevel bli noko anna enn initiativtakarane såg føre seg, både med omsyn til plassering og tematikk.

Dei ulike fyrmuseumsmiljøa møttest jamleg frå midten av 1990-talet, og stifta i 1995 Norsk Fyrhistorisk Forening. Etter kvart blei det klart at det nasjonale fyrmuseet ikkje berre skulle dreie seg om fyr, men heile verksemdområdet til Kystverket. Eit etatsmuseum med andre ord, på lik linje med Norsk Vegmuseum, Norsk Jernbanemuseum og Forsvarsmuseet. Museet skulle heller ikkje knytast til eit bestemd fyr, men vere eit nettverk av musé som til saman fylde funksjonen som etatsmuseum for Kystverket. Lindesnes fyr, Dalsfjord fyrmuseum, Lofotmuseet og Tungenes fyr arbeidde med etatsmuseum-prosjektet i over ti år før dei fekk utteljing på statsbudsjettet. Den 5. oktober 2007 sendte regjeringa ut ei pressemelding med følgjande overskrift: «Etatsmuseum for Kystverket blir etablert i 2008». I første omgang blei det løyvd tre millionar kroner i 2008, som skulle aukast til det doble frå 2009. Løyvinga føresette lokal og regional finansiering og konsolidering med større museumseiningar. Såleis gjekk Tungenes fyr inn som ei avdeling i Jærmuseet, Dalsfjord fyrmuseum blei ein del av Sunnmøre museum og Lofotmuseet blei knyta til Museum Nord. Til saman danna dei Kystverkmusea.

Sidan 2000 har Jærmuseet og Randaberg kommune hatt planar om å opprette eit maritimt viten-



Eit tema for vitensenteret er lostenesta før og no. Illustrasjon: Tom Idland.

senter i Tungevågen, ved Tungenes fyr, som ein del av den samla vitensenterstrategien til Jærmuseet. Etter konsolideringa med Jærmuseet og stiftinga av Kystverkmusea blei vitensenterplanane for Tungevågen meir konkrete både frå Jærmuseet og frå Randberg kommune si side.

Prosjektet fekk etter kvart arbeidstittelen «Vitenvågen» og blei i namnet tettare knyta til Vitenfabrikken og Vitengarden, dei andre vitensenteravdelingane i Jærmuseet som tek føre seg industri og jordbruk

på Jæren. Tre hovudtema blei valt ut for Vitenvågen: Kystverket, havbruk og maritim industri. Desse representerer både ei forlenging og vidareutvikling av tema som blir formidla på Tungenes i dag. Kystverket si samfunnsoppgåve er å sikre ferdsle langs Norskekysten, med fyr, sjømerke, los og moderne sjøtrafikkovervaking. Dette skal bli formidla i Vitenvågen med eksperiment der publikum kan prøve sjølv å navigera etter fyrlys, eller å løse eit skip i hamn.

Havbruk er ei av Norges største eksportnæringar.



Havbruket skal formidlast via eit akvarium i vitensenteret. *Illustrasjon: Tom Idland.*

Det maritime vitensenteret skal vise oppdrettshistoria frå pionertida på 50- og 60-talet til dagens meir industrielle produksjon. Heile næringskjeda frå rogn til fisk skal formidlast gjennom engasjerande eksperiment.

Norge er ein av verdas leiande maritime nasjonar. Den maritime industrien er betydeleg, særleg i Rogaland. Denne industrien inkluderer reiarlag, verftsindustri, maritime utstyrsprodusentar og maritime tenestar. Den regionale maritime industrihistoria skal

formidlast i Vitenvågen med lokalproduserte båtmotorar og ROVar (fjenstyrte undervassfarkostar). De besøkande skal til og med få prøve å lage eigne undervassfarkostar.

I 2012 ble det nedsett ei styringsgruppe for prosjektet samstundes som tomta for vitensenteret blei regulert til nettopp dette føremålet. Året etter kjøpte kommunen tomta og det blei utarbeida eit prospekt som blei sendt ut til samarbeidspartnarar. I septem-



Vinnerbidraget «Vitenlandskapet» sett utanfrå, Rørbæk og Møller Arkitekter.

ber 2014 utlyste Randaberg kommune arkitektkonkurranse for det framtidige maritime vitensenteret. Då fristen gjekk ut i desember hadde 137 bidrag blitt påmeldt.

Juryen som skulle finne vinnarbidraget besto av følgjande personar:

- Bjørn Kahrs, ordfører i Randaberg kommune
- Eirik Gurandsrud, Avdelingsleiar Tungenes fyr, Jærmuseet
- Terje Andreassen (Senioringeniør i Kystverket)
- Eivind Helland, Direktør i Blue Planet
- Fride Solbakken, Dagleg leiar i Maritimt Forum for Stavangerregionen
- Alma Elisabeth Oftedal, Sivilarkitekt MNAL (Brandsberg-Dahls Arkitektkontor AS, Stavanger)

- Niels Marius Askim, Sivilarkitekt MNAL (partner i Askim/Lantto arkitekter AS, Oslo)
- Jurysekretær Gisle Nataas, NAL
Jurysekretær, Sivilarkitekt MNAL

Juryen skulle vurdere bidraga etter 9 kriterium¹:

1. Arkitektoniske uttrykk i forhold til landskap og eksisterende bebyggelse.
2. Det skal være et signalbygg som gjenspeiler innholdet, med et maritimt preg. Når bygget sees fra sjøsiden skal det skape nysgjerrighet og interesse.
3. Løsningens helhetlige planmessige hovedgrep og ivaretagelse av funksjonskrav.
4. Effektiv utnyttelse av areal /sambruksløsninger.
5. Realistisk prosjektøkonomi mht. investeringer, drift og vedlikehold.



«Vitenlandskapet» har store, opne og fleksible utstillingsrom.



Fyrnavigasjon er eit anna formidlingstema som det maritime vitensenteret ønsker å ta opp. *Illustrasjon: Tom Idland*

6. Materialbruk i forhold til høy brukerintensitet og en nøktern kostnadsramme.
7. Miljøvennlig og teknisk realistisk løsning som reduserer byggets ressursbruk og klimabelasting.
8. Løsningen av programmets øvrige krav og forventninger
9. Universell utforming

Ein stor del av teikningane oppfylte ikkje krava frå konkurranseprogrammet. I løpet av det første jury-møtet blei talet på konkurransedeltakarar meir enn halvert, til 61 bidrag. På det neste møtet blei desse redusert ytterlegare til 24, før juryen til siste møte hadde 6 bidrag igjen. Allereie på det første møtet peikte det som skulle bli vinnaren seg ut og juryen var samstemt om resultatet.

VINNAR


Vinnaren blei annonsert på prisseremonien den 12. mars 2015, fire andre bidrag blei samstundes premierte.

Rørbæk og Møller Arkitekters «Vitenlandskapet» blir det nye maritime vitensenteret. Juryen skildrar bygget slik: «Bygningen er naturlig integrert som en del av kyststrekningen langs Tungevangen. Bakken rundt tomte er løftet opp til et stilisert landskap av skrånende grønne takflater som dekker vitensenteret. Bygningen åpner seg opp mot havet slik at man fra utstillingsrommene får en spektakulær utsikt mot innseilingen til Stavanger.»

Det er lagt opp til at turgårar skal kunne gå over

bygningen utanfor opningstida. Såleis blir bygningen god integrert i det populære turområdet. Delar av vitensenteret skal senkast ned i grunnen, noko som vil avgrensa høgda. Dermed blir bygningen eit diskret landemerke som ikkje tar merksemda vekk frå fyret.

I tillegg er det lagt inn eit par utstillingsrom utan dagslys, der det kan settast opp eksperiment som krev kunstig lys. Slik om dette fyrnavigasjonseksperimentet, der publikum skal komme seg igjennom eit kystlandskap ved hjelp av fyrlys.



Planløsning for 1. etasje frå vinnerbidraget.

Planen for 1. etasje viser dei store, opne utstillingsromma og mørkeromma som ligg bak. Juryen var også tilfreds med planløsninga: «Planen er utformet på et måte som gir oversiktighet og god logistikk i anlegget, både for publikum og driftspersonell. Driftssonen



Utsnitt frå det premierte bidraget «Livdakra» av Trodahl arkitekter – Oslo og sivilarkitekt Espen Surnevik AS.

ligger godt plassert i bakkant av publikumsarealer på plan 1, og en egen avdeling for møter/utleie ligger godt plassert på plan 2. Utstillingsarealene kan avstenges fra resten av anlegget med et gjerde ved billett punkt på plan 1. Utstillingsdelen er svært vellykket, med et stort og lyst rom for de store gjenstandene, og små rom uten dagslys, der mindre gjenstander kan stilles ut med en egnet kunstig lyssetting.»

DEI PREMIERTE BIDRAGA

Livdakra. Trodahl arkitekter – Oslo og sivilarkitekt Espen Surnevik AS

Livdakra har som namnet tilseier, eit lokalt opphav. Bygget ser ut som ei naustrekke og passar såleis godt inn i kystlandskapet.

Nausta ligg noko forskyva i forhold til kvarandre. Dette gir eit fint inngangsområde med mange lune krokkar, derav namnet «Livdakra», live tyder ly på jærdialekt.



Ei utstillingsreise under havet i utstillingsrommet til bidraget "De seks holme" av Arkitektvirksomheden CRN.

Størsteparten av utstillingsarealet er i underretasjonen. Nausta får dermed i størst grad ein kulissefunksjon, noko juryen stilte seg kritisk til: «Dette grepet svekker anleggets funksjon som signalbygg, ved at uttrykket blir litt for anonymt.»

DE SEKS HOLME. ARKITEKVIKRSOMHEDEN CRN (DK)

Dette prosjektet består, som namnet tilseier, av seks holmeliknande bygningar som passar fint inn i land-



Frå kart til bygg – hovudideen bak bidraget «De seks holme» av Arkitektvirksomheden CRN.



«Vidsyn», bidraget frå Asplan Viak AS.

skapet. Desse er bunde saman av ein samanhengande underetasje. Ideen med holmane synest å være henta frå Rogalandskartet, som ikkje nødvendigvis samsvarar med det lokale terrenget.

Utstillingsromma er store og opne, og planløysinga legg opp til ein fleksibel bruk av bygget.

Glastaket filtrerer lyset og gir den besøkande inntrykk av å vere under havoverflata. Dette er diverre ikkje særskild vellukka, vitensenteret sine tema høyrer stort sett heime over havet.

VIDSYN. ASPLAN VIAK AS.

Forlaget er ein sirkelforma bygning som kan minne om ein marin organisme som er skylt på land. Den delvis gjennomsiktige overflata vil glitre flott på kveldstid, bygningen speilar havet både i form og lyssetting.

Den runde forma kan likevel vere problematisk i forhold til planløysinga. I eit slikt bygg kan det vere vanskeleg å skape store utstillingsrom, som var noko av føresetnaden for konkurransen.



Bidraget «Triangel» av Viar Estudio Arquitectura S.L fekk heidrande omtale.

HEIDRANDE OMTALE

Triangel. Viar Estudio Arquitectura S.L (ES)

Dette er truleg det mest kunstferdige bidraget i arkitektkonkurransen. Teikningane er ein heilt annan stil, og er prega av ein meir forenkla og naivistisk strek som skil seg positivt ut i konkurransen.

Dei fire triangelforma bygningane dannar ein vakker, og litt arkaisk silhuett i landskapet. Men arkitektane har teke seg litt for stor kunstnarisk fridom i utforminga av planløysinga, noko som resulterte i eit forlag som ikkje ville vere mogleg å gjennomføre utan store omarbeidingar.



Utsikt frå forslaget «Triangel».

FRAMDRIFTSPLAN

Me har gått inn i ein forprosjektfase der vitensenteret skal detaljplanleggast og finansierast. I løpet av hausten 2015 skal Jærmuseet saman med Randaberg kommune og Rørbæk og Møller produsere ein animasjonsfilm som viser korleis det nye vitensenteret kjem til å sjå ut inni og utanpå.

Til neste år blir det oppstart for visingsenter for oppdrett i samarbeid med ei havbruksbedrift. Med utgangspunkt i det noverande Sjøbruksmuseet skal det organiserast turar til oppdrettsanlegg og lagast både undervisningsopplegg og utstillingar med oppdrett som tema.

Me håpar at bygginga kan starte i 2018, med opening to år seinare.

Vitensenteret i Tungevågen byrjar å få tyngde. Det som i dag er storslåtte teikningar skal bli eit signalbygg i innseglinga til Stavanger og ein møtestad for heile regionen.

NOTAR

¹ http://www.maritimvitensenter.no/sites/default/files/attachements/mv_prospekt_o_090914.pdf.

¹ Randaberg Bygdeblad, nr. 10 1984.

² Nordlandsposten, 4. februar 1991.